

ORDNING FOR

Vigsling av tilsynsmann

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

Orientering

1. Når ein synode eller eit presbyterium vel nye tilsynsmenn, vigslast desse til teneste for kyrkjelydane og fellesvirket innanfor tilsynsområda i kyrkja.
2. Vigslinga går føre seg under avslutningsgudstenesta på synode-/presbyteriemøtet.
3. Dei øvste tilsynsmennene for kyrkja vert vigsla av ein av dei tilsynsmennene som sluttar i denne tenesta for synoden. Tilsynsmenn for kyrkjelyden vert vigsla av ein av dei tilsynsmennene som sluttar i denne tenesta for presbyteriet. **L** den nye tilsynsmannen.
4. *Kursivering* vil seia at liturgen skal tilpassa orda til den aktuelle situasjonen med omsyn til kjønn og tal, for eksempel han / ho, han / henne, det / dei / osv.
5. Salmar: Lovsongar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande som rettleiar, bønerop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse vert fyrst og fremst framført av kyrkjelyden i fellesskap, men kan òg bli sunge av kor/korgrupper, solistar o.a. Salmen skal understreka den bibelske karakteren i den kyrkjelege handlinga og hjelpa dei frammøtte i å tru Guds ord og vilje.
6. Ved attval vel ein ei enkel forbønshandling.

1 Salme

Handlinga tek til med ein høveleg salme/ song. Dei som skal vera med, kan koma inn i prosesjon og ta plass framme.

2 Presentasjon og bøn

Her kan ein seia:

L Kjære kyrkjelyd.

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

L .Kyrkja vår har kalla (namn) til teneste som *tilsynsmann*.

Den som skal vigslast, reiser seg når namnet vert nemnt.

L I dag skal *denne medarbeidaren* vigslast til tenesta under handspålegging og bøn. Lat oss ta imot *henne/han* i kjærleik og bera *henne/han* fram for Gud i bønene våre.

Her kan ein be:

L Lat oss be.

Evige Gud, du som kan bruka veike og syndige menneske i di teneste, vi takkar deg fordi du kalla apostlane og grunnla di kyrkje på jorda. Vi bed deg at du vil velsigna *den nye tilsynsmannen vår* og fylla *henne/han* med den Ande som gjev kraft, kjærleik og visdom. Gjev *henne/han* mot og glede i tenesta og ei fast tiltru til deg i gode og vonde dagar. Gjer *henne/han* til ein reiskap for samhald og fellesskap i di kyrkje, slik at kyrkjelydane vert bygde kjærleik og fred.

Den som skal vigslast, set seg.

Kyrkjelyden kan stemma i ein salme om Den heilage ande, for eksempel dei to første versa av «Kom, Hellig Ånd med skapermakt». (ÆvG 218, v. 1-2).

3 Skriftlesing

L Lat oss høyra kva Guds ord seier om den heilage tenesta.

To av dei følgjande tekstane vert lese av dei som assisterer.

L Det står skrive i

- a) Tit 1,7-9
- b) 1 Pet 5,1-7
- c) Mal 2,5-7
- d) Joh 20,19-23
- e) Joh 21,15-17

Den som les siste teksten, avsluttar med:
Slik lyder Herrens ord.

Her kan ein syngja ein passende salme, for eksempel ÆvG 218,v. 7.

4 Vigslingstale

Den som leier handlinga, kan halda ein kort tale over ein passende tekst, gjerne ein av dei som er lesne.

Etter talen går den som skal vigslast, fram. Dei som assisterer reiser seg.

5 Lovnad

L Når Herren nå trur *deg* til oppdraget som tilsynsmann, krev han av *deg* at *du* skal vera sindig og vaken i kallet *ditt* . *Du* skal

- ta vare på den apostoliske læra etter vedkjenninga til kyrkja vår
- rettleia og oppmuntra Herrens tenarar i kyrkjelydane
- utføra tenesta di med truskap og saman med medtenarane dine
leggja vinn på å fremja og taka vare på einskapen i kyrkja hans
- og sjølv vera eit førebilete i ord og gjerning.

L (Namn), lovar du for Guds åsyn og i nærvær av denne kyrkjelyden at du vil gjera dette med truskap, ved den nåden Gud vil gje deg?

T Ja

L Så gje meg handa på det.

Den nye tilsynsmannen stadfester lovnaden med handslaget.

6 Handspålegging og bøn

L Lat oss be om Herrens velsigning over gjerninga di

Den nye tilsynsmannen knelar. Dei som deltek, legg handa på tilsynsmannen sitt hovud og bed ei kort bøn kvar. Liturgen avsluttar med bøn, for eksempel:

L Miskunnsame Gud, himmelske Far. Vi takkar deg for den tenaren som her knelar for ditt åsyn. Send *hennelhan* din Ande med gåver til tenesta, så *holhan* kan bli ein rett og trufast tilsynsmann, dyktig til å rettleia dei *holhan* no skal tena. Gjev *hennelhan* visdom, klokskap og kjærleik til all god gjerning. Ver med *hennelhan* i motgang og prøvingar, gjev *hennelhan* styrke til å lida for evangeliet si skuld, og hjelp

henne/han til å lita på deg under alle forhold. Gjev *henne/han* å tena deg slik at ditt folk kan bli styrkt og ditt namn bli æra, no og alltid.

A Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen.

Tilsynsmannen reiser seg.

7 Framstilling og formaning til kyrkjelyden

L Kjære kyrkjelyd

Då framstiller eg (namn) som retteleg kalla og innsett til teneste som *tilsynsmann* i kyrkja vår, med ansvar for kyrkjelydane i *synoden/NN tilsynsområde*. Tak imot *henne/han* i kjærleik og gjev sjølv akt på det som Herren formanar kyrkjelyden sin til.

Det står skrive i Hebreatbrevet 13. kapittel:

Ver lydige mot leiarane dykkar og rett dykk etter dei! For dei vaker over sjelene dykkar og skal ein gong gjera rekneskap. Sjå til at dei kan gjera det med glede, utan å sukka. Elles blir det ikkje til gagn for dykk.

Heb 13,17

Paulus skriv òg:

Vi bed dykk, sysken at de må verdsetja dei som slit og arbeider mellom dykk, dei som er dykkar føresette i Herren, og rettleier dykk. De skal visa dei den største kjærleik og respekt på grunn av den gjerninga dei gjer. Lat freden råda mellom dykk! *1 Tess 5,12-13*

Slik lyder Herrens ord.

8 Truvedkjening

Her kan følgja:

L Lat oss vedkjennast vår felleskristne tru, slik ho er uttrykt i den nikenske truvedkjenninga.

Kyrkjelyden reiser seg.

Vi trur på éin Gud, den allmechtige Far, som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, ljós av ljós, sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt. For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen, og ved Den heilage ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd, oppstod tredje dagen etter skriftene og fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom og døma levande og døde, og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande, som er Herre og gjer levande, som går ut frå Faderen og Sonen, som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala gjennom profetane.

Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda.

Amen.

Kyrkjelyden set seg.

Her kan følgja

9 Preike/helsing av den som er vigsla

10 Salme